



Vêret

I KVINNHERAD

Det er nesten ikkje til å tru, men ei vermelding utan ordet regn kjem denne gongen. Sol og vakre dagar i sikte, utan for mykje vind og utan for mange kuldegrader.

SOL OG MÅNE

13. februar:
Sola opp kl. 8.22, i sør kl. 12.51, ned kl. 17.22. Dagen har auka 3 t 5 min. frå vintersolkverv. Månen ned kl. 1.54, opp kl. 9.02, i sør kl. 18.03.

14. februar:
Sola opp kl. 8.19, i sør kl. 12.51, ned kl. 17.25. Dagen har auka 3 t 10 min. frå vintersolkverv. Månen ned kl. 3.43, opp kl. 9.09, i sør kl. 19.01.



FLO & FJØRE

13. februar:
Flo 2.49
Fjøre 8.53
Flo 15.05
Fjøre 21.30

14. februar:
Flo 3.35
Fjøre 9.50
Flo 15.58
Fjøre 22.33

KRAFTPRIS

Pris veke 6:
42,1 øre/kWh.
Forventa veke 7:
43,5 øre/kWh
Fastpris 1 år:
51,5 øre/kWh.
3 år: 55,7 øre/kWh.
Prisane er inkl. mva.
Nettleige kjem i tillegg.



kultur...



DRAUMEN: Linda Øvrebø og Knut Vaage trylla fram song og draum frå musikk og tekstar – og publikum henta venteleg og fram sine egne draumar på konserten i Undarheim gard på søndag.

Song og draum

på Undarheim gard

Kven kunne tru at klaver-musikk og klassisk song så sterkt kan få fram i dagen og understreka innhaldet i dikt?

Komponist og pianist Knut Vaage og sopran Linda Øvrebø avslutta Kvinnherad Kulturfestival 2008 med konsert i Undarheim gard. Det vart ei vakker oppleving for dei om lag 60 tilhøyrarane som var heldige og slapp inn. Stovene i den restaurerte Undarheim gard er flotte lokale for intimkonsertar. Med opne dører ber lyden kringom i heile huset. Det gamle tunet utom tyllgardinene set og ei romantisk ramme om draum og lengt.

Olav H. Hauge

Vaage og Øvrebø hadde kalla programmet sitt Song og draum. Det passa godt. Første delen av konserten var songar som Knut Vaage har tonesett til dikt av Olav H. Hauge. I år er det hundre år sidan Ulvik-diktaren vart fødd. Det skal markerast saman med jubileet for Kvamma-komponisten Geirr Tveitt. Nokre av dei utvalde dikta har

fast mønster, andre ikkje. Linda Øvrebø si vakre og reine røyst og melodiane framheva sterkt innhaldet i tekstane. Ingen har varda den vegen du skal gå uti det ukjende, skreiv diktaren. Kvar og ein av oss må finna sin plass i livet og leva det sjølv.

I diktet *Elden* klagar diktaren dåren for at han ikkje forstod. *Sløkkja kan du, men ikkje kveikja den heilage glo.*

Med songen og musikken vert orda spikra på veggen og dirrar i rommet, dei heng der lenge og tilhøyrarane lyttar intenst og sluker kvart ord og tone. Musikk, tonar og dei enkle orda smeltar saman til ein vakker heilskap, som trengjer under huden på folk. Musikken skaper assosiasjonar inni dei som høyrer på, og dei skaper sine egne bilete frå sitt eige liv.

I ein av dei tidlege romanane sine, *Fager kveldsol smiler*, har Lars Amund Vaage, bror til komponist Knut, lagt inn eit dikt. Det handlar om draumen; kva eit menneske vil få ut av livet. Dette diktet har også fått tonar. På programmet stod og ei takkesalme i pietistisk vestlandstradisjon, som m.a. Husnes Mannskor har hatt på repertoaret sitt.

Ragnvald Vaage

Siste halvparten var samansett av dikt av Ragnvald Vaage. Komponist Knut Vaage har tonesett nokre av bestefaren sine tekstar. Draumen og lengten går som ein raud tråd gjennom dei utvalde dikta. Det er lengten etter ein himmel og eit meir fullkome liv, og lengten etter ei mor.

1222 er ein melodi til tekst utan ord, men kan opplevast som ei nydeleg skildring av natur med vind og ver og solnedgang gjennom musikken.

Programmet vart avslutta med Hauge-klassikaren *Det er den draumen. me ber på/at noko vedunderleg skal skje/...at me ei morgonstund/skal glida inn/på ein våg me ikkje har visst um.*

I musikalsk påkledning framstår dette diktet både meir innhaldsrikt og vakrere enn nokosinne.

– Ein levande komponist

Linda Øvrebø gler seg over å få opptre i lag med ein levande komponist. Med det ville ho venteleg ha sagt noko om at Knut Vaage høyrer til mellom dei som lagar kunst av varig verdi – og musikk som er full av liv.

Undervegs fortalde Knut Vaage om

programmet og introduserte songane. Han har skriva musikk til ein symfoni som vart urframført i Trondheim sist veke. Ein av musikarane spurde kvifor musikken var så vanskeleg. No skulle komponisten framføra eigen musikk som heller ikkje var så lett.

– Viss her blir ein glipp, er det ikkje mi skuld, la han humoristisk til.

Melodiane er tidlegare spelte inn på CD på ein konsert på Baroniet Rosendal.

Kultursjef Kristian Bringedal takka kunstnarane. Kulturfestivalen er med på å profilera kommunen og byggja identitet mellom folk. Festivalen har fått sterkt fotfeste og kjende kunstnarar viser interesse for å koma til festivalen om eit år.

Festivalstyret fekk takk for godt arbeid, like eins medarrangørar og sponsorar.

Programmet i Undarheim gard var eit samarbeid mellom Kulturnemnda på Sørødal og kulturfestivalen.